

Møtereferat

Utval: Fitjar sokneråd
Møtestad: Kyrkjestova
Dato: Tysdag 24.05.2022
Tid: Kl. 18.30
Ord for dagen: **Wenche**

Desse var tilstades i møtet::

		Møtt
Svein Lunde	leiar	x
Wenche Andersen Helland	nestleiar	x
Sigrid Marie Fangel	skrivar	
Tom Rydland	medlem	
Anne Marie Røed	medlem	
Herman Inge Aadland	medlem	x
Håkon Rydland Sæbø	medlem	
Aase Rygg H. Nøttveit	medlem	
Roald Drønen	sokneprest	
Sigurd Andre Maraas	kommunal representant	x
Jostein Skram	1. vara	
Karin Maria Korsvik	2. vara	x
Magnor Tverderøy	3. vara	
Hilda Gloppen	4. vara	x
Jan Ottar Wiik	5. vara	
Svein Arne Theodorsen	vara for sokneprest	
Jan Overweg	kyrkjeveerje	x

Fitjar, 24.05.2022

Svein Lunde
soknerådsleiar

Jan Overweg
kyrkjeveerje

Sakliste:

SAK	ARKIVKODE	TITTEL	KOMM REPR
2022/37	012.1	Godkjenning av innkalling og sakliste	x
2022/38	012.1	Godkjenning av møtereferat frå soknerådsmøte 21.04.2022	x
2022/39		Orientering frå kyrkjeverja om arbeidet i soknet	x
2022/40		Avtale om samordning av arbeid med helse, miljø og tryggleik	x
2022/41		Søknad om kompensasjon for høge straumutgifter	x
2022/42		Gudstenesteliste og offerliste for hausten 2022	
2022/43		Uttale i tilsetjings sak som gjeld sokneprest	
2022/44		Meldingar / open post	

Sak 2022/37 012.1 Godkjenning av innkalling og sakliste

Vedtak:

Innkalling og saklister er godkjent.

Sak 2022/38 012.1 Referat frå sist møte

Referatet vart delt i møtet.

Vedtak:

Soknerådet stadfester referat frå møtet den 21. april 2022.

Sak 2022/39 Orientering frå kyrkjeverja om arbeidet i soknet

Kyrkjeverje la fram ei orientering om arbeidet i soknet:

1. Skihelg Ten treff i Eikedalen 22.04-24.04 – eit vellykka tiltak som samla ca 20 ungdomar, og som soknerådet har løyvd midlar til.
2. Kjetil har vore på fire dagers kurs i gravplassdrift på Bryne
3. Det har vore eit fellesmøte til førebuing for mottak av flykningar. (kommunen, frivilligsentralen, kyrkja, bedehuset)
4. Samling i Sunnhordland prosti for prestar, kyrkjeverjar, kantorar med tema gravferd (28.04)
5. Samtalegudsteneste, konfirmantfest og konfirmasjon – ei lita evaluering
6. Årsmøte for Fitjar sokn 15. mai. Ein ønskjer seg at fleire i soknerådet er til stades ved årsmøte. Gjennomgang av referat blir lagt til neste møte.
7. 17. mai-feiringa
8. Ulike trusopplæringstiltak som er gjennomført i perioden. Kyrkjelydspedagog Randi gjer eit svært godt arbeid.
9. Mykje av kyrkjebygget er vaska utvendig. Det er snart klart for malingsarbeid. Til tårnet kjem det større lift.
10. Møte kyrkjeverjelaget hadde møte 23. mai. Nyttig utveksling av erfaringar og informasjon.

11. Ny informasjon om prosessen rundt framtidig organisering for DNK er no tilgjengeleg på kirken.no og ka.no.
12. Det har oppstått akutt behov for vedlikehald gravemaskinen. Den er no henta for reparasjon.
13. Ferieplanen for dei tilsette og plan for sommarvikar er no klar.

Vedtak:

Soknerådet tek orienteringa til vitande.

Sak 2022/40 Avtale om samordning av arbeid med helse, miljø og tryggleik (HMT)

Björgvin bispedøme har teke initiativ til ei felles avtale for arbeid med helse, miljø og tryggleik (HMT) mellom Björgvin bispedøme og Fitjar kyrkjelege fellesråd. Avtala er utforma av det sentrale Arbeidsmiljøutvalet (AMU) i Den norske kyrkja. Avtala tar utgangspunkt i AML §3-1 pkt. 2b, IKF §5 pkt. 5, AMU-sak 4/2018 og 37/2018 og HMS-handboka. Der kravet til virksamheten er å ha oversikt over virksamhetens organisasjon, herunder korleis ansvar, oppgåver og myndigheit for arbeid med helse, miljø og tryggleik er fordelt. Avtala er lagt ved innkallinga.

Vedtak:

Soknerådet sluttar seg til samordningsavtala med Björgvin bispedøme om HMT.

Sak 2022/41 Søknad om kompensasjon for høge straumutgifter

Statens kompensasjon for høge straumutgifter for Den norske kyrkja er gått inn i kompensasjonsordninga for kommunane. Det betyr i praksis at soknet må søkja kommunen for å få del i kompensasjonen.

Vedtak:

Med bakgrunn i statens intensjonar om kompensasjon for den Norske kyrkja, ber soknerådet kyrkjeverja om å senda formannskapet v/kommunedirektør ein søknad om kompensasjon for høge straumkostnader for Fitjar sokn.

Sak 2022/42 Gudstenesteliste og offerliste for hausten 2022

Soknepresten har utarbeidd gudstenesteliste og offerliste for andre halvår 2022. Nærare informasjon om gudstenestene som er planlagde vert lagt fram i møte. Lista er å finna som vedlegg til innkallinga.

Vedtak:

Soknerådet sluttar seg til planen for gudstenestene og takkoffer for andre halvår 2022 slik den ligg føre. Takkofferlista vert supplert med offer til misjonsprosjektet søndag 18.09.2022.

Sak 2022/43 Uttale i tilsetjings sak som gjeld sokneprest **UNNATEKE OFFENTLEGHEITA – vert behandla i lukka møte.**

Sak 2022/44 Meldingar / open post

1. Spørsmål frå Fitjar Indremisjon om om kyrkja og IMF Fitjar kan tenkje seg å stå saman med Fitjar indremisjon om å arrangera leir for fitjarfolk også i år (normalt Brandøy – men på Solgry i år).

Soknerådet er glad for initiativet og er gjerne medarrangør.

2. Rekneskap for 2021 er no revidert av revisor (KPMG), og vert signert av leiar og kyrkjeverje. Revisjonsrapport vil da normalt vera klar for handsaming / orientering til neste soknerådsmøte.

Jan Overweg
referent